



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Molde kommune

Dato: 01.02.2021

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Kommunedelplan for E39 Julbøen - Molde. Alternativ 4, lilla vegline

Vi viser til høyring på ei fjerde alternativ trasee for ny veg E39 i Moldemarka med høyringsfrist 5. feb 2021.

FNF Møre og Romsdal har tidlegare peika på det sviktande grunnlaget for å i byggje Møreaksen i det heile. No ser vi at dette bildet blir ytterlegare forsterka ved innhenting av nyare kunnskap. Dette blant anna ved Samferdselsdepartementet og Klima- og miljødepartementet si utgreiing i 2020 om klimaeffekten av prioriterte prosjekt i Nasjonal transportplan for 2022 -2033. Slik vi forstår resultatet av denne utgreiinga kjem Møreaksen føle negativt ut her knytt til klimakonsekvensane ved naturødeleggingane ved bygging og drift.

Elles har ein etter at vedtaket om Møreaksen vart gjort, fått forpliktande avtaler om reduksjon av klimagassutslipp. Dette vere seg Parisavtalen, vår eigen fylkesplan og Molde kommune sin aksept for FN sine berekraftsmål.

Fellesnemnaren for Møreaksen og strekninga Julbøen - Molde er at det blir planlagt ut frå auka biltrafikk i åra framover. Dette er sterkt i motsetning til dei politiske mål og vedtak om nullvisjonen for trafikkutviklinga i byane jfr ovanfor nemnde internasjonale, regionale og lokal politiske vedtak. Eit mål i arbeidet med bypakkane er jo at veksten i persontrafikk skal bli dekt med at folk går og sykler meir og reiser kollektivt. Det heng ikkje i hop når både Molde kommune og Ålesund kommune gjennom sine bypakkar planlegg ut frå eit mål om nullvekst i personbiltrafikken. Og Fylkeskommunen har også lagt ein nullvekstversjon til grunn i sin plan for klima- og energi.

Elles vil vi vise til uttale frå Naturvernforbundet i Molde av 18.01.2021.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Konklusjon

På grunn av natur- og miljøkonsekvensane, rår vi frå å gå vidare med planane for Møreaksen og dei fire vegalternativene fra Julbøen til Molde. Om ein må seie noko om dei fire alternative vegføringane, er den med den lengste tunell (alternativ 4) det beste.

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Vedlegg: Kart

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal